



Svein Gunnar Raknes
Askelandsvegen 40
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/590 - 20/16044

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
25.03.2020

Førebels svar på søknad med trong for tilleggsopplysningar og varsel om utsett frist for saksbehandling - gbnr 81/4 Risøy

Tiltak: dispensasjon for tilbygg til hytte
Byggjestad: Gbnr: 81/4
Tiltakshavar: Svein Gunnar Raknes

Forlenga saksbehandlingsfrist

Viser til søknad om dispensasjon mottatt 16.12.2019, og eg beklagar sein tilbakemelding..

Overgangen til ny kommune har ført til forseinkingar i saksbehandlinga.

Vår saksbehandlingsfrist er 12 veker, pluss den tida søknaden er på høyring hjå eksterne styresmakter (4 veker). Saka skal behandlast politisk.

Vi sender saka på høyring parallelt med dette brevet til deg.

Det kan tidlegast skje i møte i Utval for Areal, plan og miljø den 10.06.2020.

Vi varslar difor om at fristen på 12 + 4 veker kan bli overskriden.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- **Teikningar/skisser**

Du må visa på teikningar/skisser kva du vil bygga, og korleis det ser ut før og etter. Det er ikkje nødvendig med fullstendige profesjonelle byggeteikningar i denne omgangen. Bruk gjerne foto av fasadar som grunnlag for skisser.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn innan **25.04.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

Regelverk

- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) kapittel 7, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 21-7.
- Lengre frist kan avtalast, jf. pbl § 21-8.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Svein Gunnar Raknes

Askelandsvegen 40

5938

SÆBØVÅGEN

Mottakarar:

Svein Gunnar Raknes

Askelandsvegen 40

5938

SÆBØVÅGEN